

Til stades: Dan Danielsen, Johan Urheim, Kjell-Olav Samland, Gerd I. Haugen, Lena Jondahl Haugen, Arjen L.H. Stolk

Ikkje til stades: Bjørg Samland, Sølve Hansen

---

#### Sak 1: Landskapsparken versus Bygdelag

Me drøfta Bygdelaget og Landskapsparken sine oppgåver. Me er einige om at Landskapsparken har overteke ansvaret for turstiane. Elles så fortset Bygdelaget med sine oppgåver som før. Landskapsparken si fremste oppgåve er, slik Bygdelaget ser det, næringsutvikling. (samrøystes)

#### Sak 2: husleige til LP-utstilling

På møtet kom eit framlegg til leigeavtale mellom BL og LP om utstillingsrom i skulen. Me blir einige etter nokre små endringar. (samrøystes)

#### Sak 3: Herandshelga

Leiaren informerar oss om mange detaljer om Herandshelga; det ser ut som me har kontroll.

#### Sak 4: ymse

- lønning til vaskedame skal drøftes med vedkomande; mål er å bli einig
- Tre Tradisjon Herand ynskjer å leige ein del av kjøken i veke 24/25/26 til å måle 10 st. element Sveitserpynt og mønekjøle; det går greitt, og me blei einige om ein passeleg leigesum
- Tre Tradisjon Herand ser på framtida slik at arbeid på verkstaden bør justerast meir og meir etter alle andre og nye tilskipingar på skulen, og det kolliderer med effektivt planlegging av sjølve arbeidet; me skal følgje nøye med på utviklinga av dette
- Tre Tradisjon Herand har blitt fråtatt nokre oppgåver ved skulen som var avtalt i leigeavtalen, utan å drøfte saken fyrst. TTH skal finne seg til rette i dette utan vidare diskusjon.

skrivar: Arjen